

REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVALET (PARTSSAMANSETT UTVAL)

(vedteke i kommunestyret 19.11.2009 og rev 28.10.2010)

§ 1. Val og samansetjing.

Driftsutvalet sine medlemmer, i tillegg til representantar valde av arbeidstakarorganisasjonane, utgjer administrasjonsutvalet. Kommunestyret oppnemner leiar for utvalet.

§ 2. Ansvarsområde

Administrasjonsutvalet har som arbeidsområde dei oppgåvene som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette (jfr kommunelovas § 25) og som ikkje er lagde til andre organ.

Administrasjonsutvalet gjer vedtak i dei sakene dei er delegera avgjerdsrett, jfr delegasjonsreglementet.

Administrasjonsutvalet er då:

- ansvarleg for samordning og planlegging av personalforvaltninga i kommunen, herunder handsame overordna retningslinjer for kommunens personalpolitikk, og tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv.
- administrasjonsutvalet skal handsame søknader om permisjon som ikkje er heimla i permisjonsreglementet til Bykle kommune. Dette gjeld alle stillingar bortsett frå rådmannsstillinga.
- administrasjonsutvalet har avgjerdsmynde i samband med oppseiing av kommunale arbeidstakarar. Dette gjeld likevel ikkje rådmannen.
- administrasjonsutvalet skal ta stilling til tvistar når det gjeld tolkning og praktisering av avtalar, reglement og andre forskrifter som gjeld tilsetjing-og arbeidsvilkår for kommunale arbeidstakarar.
- administrasjonsutvalet er ankeinstans for administrative tilsetjingar

Administrasjonsutvalet kan elles take opp og uttale seg i saker som på annan måte kan få fylgjer for tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

§3 Sakshandsaming

For sakshandsaming i administrasjonsutvalet gjeld føresegnene i kommunelovas kap 6, jfr kap. 2 og 7.
I tillegg gjeld reglementet for kommunestyret så langt det høver.

§4 Mindretalsanke

I saker der administrasjonsutvalet har fått delegera avgjerdsmynde frå kommunestyret, kan ordføraren eller minst 2 medlemmer krevje saka lagt fram for kommunestyret til avgjerd. Krav om dette må setjast fram i møtet, og skal førast i møteboka.